




# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305  
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for februar 2013.

Årgang 48

---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Jarle Kristiansen  
Visepres: Karin S. Holstad  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Magnar Hatløy  
Styremedlem: Barnhard Harkjerr  
Styremedlem: Øystein Alme  
Ansv.red.: Aage Nytun  
Referent: Aage Nytun

## Fødselsdagar i februar:

Aagot Riise	5. februar
Jan Håvard Nytun	16. februar
Sigurd L. Bigset	21. februar

---

## VINTERVISE.

Og nu har det sned i hele nat,  
så nu er her hvitt over mark og knat,  
og nu får vi føre i skov og på vei,  
så kan vi få tømmeret kjørt ned fra hei,  
den sagen er grei.

Du Ane du, -- tro hvor nu skindluen er?  
og hvor har vi gjemt mine vinterklær?  
og lovåtterne med en tommeltot på  
-- forleden dag de på loftsgulvet lå,  
nu gjorde de så!

Og giv mig så endelig kaffespand med,  
og stik nogle smørbrød i lommen ned.  
Og hav så færdig lidt varmt til ikveld.

Ajjøs da, farvel! Hoja!  
Det såmæn nokså bra,  
at komme sig lidegran hjemmefra.

Jeg tror det er reneste helsebod,  
når det fryster så farligt, at rimfrosten står  
skjæg og i hår.

Ja det er så snodigt slig midtvinters da,  
en blir så besynderilg sjælegla'.

Og solen skinner velsignet ned,  
og dombjælden synger det bedste den ved,  
og jeg synger med.

*Krag*

---

## Møte 04.02.12.

Presidenten ønskte velkommen og til opning song vi "Vi vandrer med freidig mot".

Presidenten orienterte først om ein invitasjon frå Norsk Maritim Kompetansesenter på Nørve i Ålesund, der vi kan få omvisning og orientering om senteret.

Medlemmane var positive til det, og presidenten gir tilbakemelding om at dette ynskjer vil.

Dagens program var ved Jan Håvard Nytnun, som viste bilete og fortalde om fjellturar i Tafjordfjella, delvis i lag med Hjørungavåg Turlag, og nokre på eige initiativ.

Den første turen hans i Tafjordfjella var i lag med ein gjeng frå Nordea i 2000, som starta frå Bjorli/Brøste til Pyttbua, over Pyttegga (høgste fjellet i M&R med 1999 m.o.h.) og vidare til Reindalssæter. Derifrå vidare over Huldrekoppene og via Naushornet (1895 m.o.h.) til Veltdalshytta, der dei også var innom Fieldfarehytta, som er kjend for det som foregjeck der under 2.verdenskrig.



Turen gjekk så vidare tilbake til Pyttbua via Karitind (1984 m.o.h.). Denne turen beskreib han som kanskje den flottaste turen han har hatt i Tafjordfjella, ikkje minst p.g.a. det flotte veret, med bading i mange av fjellvatna , og dei mange toppturane undervegs.

Kvart år etter denne turen har han vore nokre dagar i Tafjordfjella, stort sett i august mnd, som han meiner er den beste tida å vere der på, då der er lite snø og lite vatn i elvane som må kryssast.

Nokre av dei andre turane han fortalde om og viste bilete frå var:

Frå Muldal via Muldalsseter til Vakkerstøylene i Ulvådalen, og derfrå tilbake over Storløpfjellet og ned Øvre Reindal til Reindalsæter, og vidare over fjellet tilbake til Muldal.



### Møte 11.02.2013.

Presidenten ønske velkomen til møte, opningssongen var "Tidt eg minnest ein gamal gard" av Ivar Åsen.

Dagens program var ved Per Helge Jøsok og Kjell Høydal frå Volda Rotary Klubb og vår eigen John Stennes. Dei fortalde og viste bilete frå eit prosjekt dei er engasjerte i i Sierra Leone i Afrika.

Volda Rk og enkelte klubbmedlemar har, saman med Ramsey RC i England, gjennom fleire år vore med på oppstart og utvikling av David School i Sierra Leone. Som eit ledd i dette har Volda Rk. sett i gong eit prosjekt for å skaffe belysning til ein nybygd ungdomsskule. Området skulen ligg i har ikkje elektrisk kraft, slik at minikraftverket er basert på solceller og batteri. Anlegget vart prosjektert allereide i 2011 og pengane samla inn både frå eigen klubb og naboklubbar og frå distriktet 2305 gjennom Rotary Foundations DSG-fond. Totalt vart det samla inn 170.000,- kroner, som gjorde at prosjektet kunne gjennomførast. Eit team frå England og Norge reiste til Sierra Leone i november i fjord. Teamet bestod av Kjell Høydal og Per Helge Jøsok frå Volda Rk. som hadde ansvaret for å montere opp kraftverket, vidare var Harald Indresøvdde og John Stennes Rotary Foundation i distrikt 2305 med. Mykje vart gjort under oppholdet, men først og fremst vart det straum til den nye skulen. Eit grundig forarbeid med prosjektering bidrog til at monteringa gjekk heilt etter planen. Lokale krefter bidrog til monteringa, og også lokale elektrikarar bidrog underveis slik at tilsynet med anlegget er under kontroll.

Det er også rydda areal i tilknytning til ungdomsskulen med tanke på å utvide med tre klasserom. Tanken er ein vidaregåande skule, slik at dei som fullfører den er klar for vidare studier. Det nye tilbygget er planlagt ferdig i år, men manglar framleis ca. 250.000,- kroner for å få det fullført, og som dei håper Rotaryanarar i Noreg og Skandinavia kan hjelpe til med å skaffe til veie.

### Møte 18.02.2013.

Påtroppande president ønske velkomen til nytt møte. Til opning song vi "Nisser og Dverge bygger i berget".

Jan Håvard som fylte 60 år den 16. februar fekk så overlevert ein fin blomsterbukett.

Dagens program var ved Otto Holstad, tema "Megata terrasse".

Otto innleia med litt historikk omkring Me-gata. Han fortalde bl.a. at bestefaren som heitte Alvestad og kom frå Hildre, arbeidde ei tid på Vardal og reiste då forbi Hareid på sin veg. Ein gong han stogga på Hareid fekk han kjennskap til at lokalbutikken der var konkurs, han slo då til og kjøpte butikken, og på den måten flytta han til Hareid og vart hareidsdøl.

Gamlehotellet på Ytre Hareid var eigd av Otto si tante. Otto hadde ynskje om å kjøpe det for mange år sidan, men økonomien på det tidspunkt tillot ikkje det, så det vart selt til andre. Først etter mange år og mykje jobbing med saka klarde han å få kjøpt det og sletta den omfattande pantegjelda som kvilte på eigedomen. Eigedomen var då i svært dårleg forfatning. Han kunne så gå i gang med boligprosjektet som han hadde hatt planar om lenge. Men det var fleire utfordringar. Banken han brukte, og som hadde vore positiv til prosjektet heile tida, kasta seg plutselig, så han måtte finne ein annan bank som var villig til å vere med på prosjektet. Det klarte han, men dei stilte krav om at ein viss del av leilegheitene måtte vere selde før han kunne gå i gang. Dette klarte han ved at han sjølv og entreprenøren garanterte for nokre av leilegheitene slik at prosjektet kunne realiserast.



Huset har 4 etasjar og 20 leilegheiter. Bygget kostar totalt kr. 52 mill. og kvadratmeterprisen er kr. 32.000,-. I tillegg er der 16 garasjeplassar som kostar kr. 150.000,- pr. plass. Størrelsen på leilegheitene er 60, 80 og 110 kvadratmeter, i tillegg er der stort felles friområde bak huset.

Etter presentasjonen av Megata-terasse viste Otto bilete og fortalde frå turar i Tafjordfjella, der Otto også har vore hyttevakt mange somrar, for det meste på Vakkerstøylen. Mange vegar fører til Vakkerstøylen, frå Tunga, frå Pyttbua, frå Muldal eller frå Valldal.

Den kortaste og lettaste er frå Tunga. Vakkerstøylen turisthytte er Ålesund og Sunnmøre Turistforening (ÅST) sitt andre hytteprosjekt og kom opprinneleg frå plassen Olastakeng på Verma i Romsdalen.

Den første hytta var Pyttbua. Bygninga som er frå 1800-talet, var bolighus for smeden Martin Olastakeng og vart også brukt til omgangsskule.

Ola Brøste (1875-1970) kjøpte huset på auksjon i 1927 og etter avtale med ÅST skulle han demontere bygninga og frakte den til Vakkerstøylen, der den skulle gjenreisast. Ola hadde transporterfaring frå tidlegare, og var den same som frakta Pyttbua på plass eit par år tidlegare. Bygninga vart transportert med hest og slede på vinterføre.

Ola hadde hestar som var vane med å gå på truger. Hytta vart innvidd i 1928 og hadde 12 sengeplassar. Hytta vart utvida med ein ekstra etasje i 1947 slik at ein fekk fleire rom i 2. etasje.

Der er i dag 26 sengeplasser. Hytta var betjent fram til 1961, deretter har ho vore ei sjølvbetjent hytte ved Hånådalsvatnet (Ulvådalsvatnet) 865 m.o.h.



### **Møte 25.02.2013.**

Presidenten ønskte velkomen til møte, som var det siste i februar og programfritt. Til opning song vi "Blant alle lande i øst og vest".

Elias Sellevoll lufta ein ide om å gjennomføre eit kurs i overføring av bilete frå kamera til datamaskin. Han fekk positiv tilbakemelding frå medlemmane på det, og ville jobbe vidare med planlegginga.